

FØRESEGN

Detaljregulering for Bjørnestø Småbåthamn.

PlanID: 1263-201401.

Dato: 21.03.2016

Tiltak som bygging, graving, utfylling i sjø samt andre tiltak som kan påverke tryggleik eller framkomst i sjøområdet, krev løyve frå Bergen og omlag havnevesen (BOH). Søknad vert å sende til BOH i god tid før tiltaket vert iverksett.

1. Bygningar og anlegg (pbl § 12-5 nr 1)

1.1. Småbåtanlegg i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone

1.1.1 Småbåtanlegg

Det kan etablerast småbåtanlegg (flytebyggje) med 20 båtplassar innan for området f_S.

Det kan etablerast tilkomstbru frå G til småbåtanlegget i f_S. Tilkomsbrua skal leggjast slik at ein småbåt/robåt kan passere under brua på flo sjø til område N.

1.2. Uthus/naust/badehus

1.2.1 Naust

Område er delt opp i N (eksisterande naustområde) og f_N Naustrekke.

Innanfor N er det eit naust, slipp og kai. Ingen endring i tal naust og ingen endring i bruk. Naust kan byggast opp i same storleik som eksisterande naust, men ikkje utover dei avgrensingane som er sett i kommuneplanen.

I naustområdet, f_N, kan det innanfor byggegrensa førast opp maks 5 naust/naustrekke, eller fellesnaust. Naust skal ikkje nyttast til varig opphald og overnatting.

1.2.2. Utnytting f_N

Maks areal naustrekke = 207 m² BYA/BRA.

Enkeltnaust (del av naustrekke)

- 1 etasje med bruksareal (BRA) inntil 40 m².
- Garnloft skal ikkje ha målbart areal.
- Areal vindauge/ dagslysflate skal ikkje overstige 3 % av BRA.
- Det skal etablerast minimum 4 boder i kvart naust.

1.2.3. Høgd

Mønehøgd skal være maks 5 m målt frå topp ferdig golv. Knevegg på loft er ikkje tillate.

1.2.4. Terrenqtilpassing

Ved byggjemelding skal det leggjast fram snitt som syner parkeringsplass, naust/naustrekke, planert terreng og havnivå. Området f_N skal ha ei planert høgd på maks 6 moh (meter over havnivå).

1.2.5. Støttemur

Støttemur - maks høgde på 1,5 meter. Natursteinsmur skal ikkje ha ein brattare helling enn 3:1.

1.2.6. Estetiske forhold

Nausta skal ha saltak med takvinkel mellom 35 og 45 grader. Garnloftet kan ha vindauge. Altan, utkraging eller terrassar er ikkje tillate.

2. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pbl § 12-5 nr 2)

2.1. Veg

2.1.1. Bruk av veggrunn

Veg f_V - felles for dei som har naust og båtplass i småbåthamna.

Veg o_V er del av Vabuvegen Kv1205 - kommunalveg.

2.1.2. Gangveg G

Gangveg/sti frå parkeringsplassen og ned til båtanlegget. Gangvegen skal ha ein bredde mellom 1,2 – 1,5 m.

2.1.3. Avkjørsel /veg

Det skal vere avkjørsel frå offentleg veg (o_V) til felles veg (f_V) .

Det skal ikkje plantast eller setjast opp murar som er over 0.5 m eller hindrar sikt mot offentleg veg.

Maksimal helning i avkjørsel skal vera -2,5 % dei første 5 m frå vegkant inn i f_V.

Vegbredde minimum 3 meter.

2.2. Parkeringsplass

2.2.1. Parkering

Det skal lages plass til min. 7 biloppstillingsplasser for personbilar + 1 plass for rørslehemma.

Planeringshøgde parkeringsplass maks 6 moh (meter over havnivå).

2.2.2. Fylling mot sjø

Eventuell oppfylling mot sjø skal avsluttast med naturstein og sikrast med gjerde om naudsynt.

2.3 Overvasshandtering

2.3.1 Det skal sikrast tilstrekkeleg overvasshandtering langs veg og på parkeringsplass.

3. Landbruks- natur- og friluftsmål samt reindrift (pbl § 12-5 nr 5)

3.1. LNF

3.1.1 Området skal brukast slik det er i dag.

4. Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (pbl § 12-5 nr 6)

4.1. Ferdsl

4.1.1 Området F skal nyttast slik det er i dag.

5. Hensynssoner (pbl § 12-6)

5.1. Sikringssone – frisikt H140

Innanfor frisiktarealet er det ikkje tillate med murar, gjerder eller vegetasjon høgare enn 0.5 m over tilstøytande vegnivå. Terrang skal ikkje planerast høgare enn tilstøytande vegnivå.